

Statens vegvesen har kostnadsberekna ein toløpstunnel mellom Volda og Furene (E39 Volda–Furene) til 1,8 milliardar kronar. Utkastet til reguleringsplan omfattar ein toløpstunnel, og anslaget er gjort ut i frå desse føresetnadane.

Prosjektet E39 Volda–Furene er i Meld. St. 33 (2016–2017) prioritert bygget ut i perioden 2024–2029 med ein kostnad på totalt 900 mill. 2017 kr. Statens vegvesen vil arbeide vidare for at prosjektet kan realiserast innanfor denne kostnaden og sikter på å sende reguleringsplanen til Volda kommune til høyring og offentleg ettersyn etter sommarferien.

I Meld. St. 33 (2016–2017) Nasjonal transportplan 2018–2029 ønsker regjeringa at det i større grad enn tidlegare regulerast løysningar for framtida. Dette sikrar areal for seinare utviding av vegen og gir større føreseielege for bebuarar og andre partar. Dei siste trafikkberekningane for ny E39 Volda–Furene viser at trafikken på sikt kan overstige 8 000 køyretøy i døgnet. Dette er noko høgare enn tala som låg til grunn for vedtatt kommunedelplan. Lengda på tunnelen og den økte trafikkmengda vil etter tunnelsikkerheitsforskrifta utløyse krav om rømmingsveg. I praksis vil dette seie at E39 Volda– Furene må regulerast med to tunnellop, og det er denne løysinga som ligg inne i kostnadsberekninga.

Samtidig meiner regjeringa også at man i større grad må vurdere trinnvis utvikling av standard der det er økonomisk eller samfunnsøkonomisk lønnsamt, jf. Meld. St. 33 (2016–2017). Dette vil for eksempel kunne innebere å bygge eitt tunnellop først, for deretter å bygge det andre tunnellopet seinare når trafikkmengda tilseier dette.

Kontaktperson:

Prosjektleder Cathrine Helle–Tautra, 928 64 040

Med helsing
Linn Silseth

Seksjon: Kommunikasjonsstab

Postadresse: Statens vegvesen Region midt, Postboks 2525, 6404 MOLDE

Kontoradresse: Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg., MOLDE

Mobil: +47 91640781 **e-post/Lync:** linn.silseth@vegvesen.no

www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-midt@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?